



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 dep
0030 OSLO

Dato: 05.09.2008

Vår ref: 08/171-14 JEK

Dykkar ref:

Høring: Innstilling til Styrket demokrati i Den norske kirke

I møte i Møre bispedømeråd i dag vert det gjort vedtak om å sende det følgjande som fråsegn i saka.

Møre bispedømeråd vil som ei innleiing peike på at det er ikkje heldig at høyringar vert sende ut rett før ferien med svarfrist rett etter ferien. Det er ikkje lett å få handsama slike saker på ein god måte med vedtak i folkevalde organ som ikkje har møte i denne perioden. Sidan det handlar om demokratiet i kyrkja, bør ein leggje særleg vekt på å gje demokratiske organ den tid dei treng.

Kommentarar til arbeidsgruppa sine forslag:

Val av sokneråd.

Det er rett som arbeidsgruppa peiker på at val av sokneråd i dag skjer på ein demokratisk måte. Når ein tek utgangspunkt i det lutherske synet på kva ein kyrkjelyd er, nemlig at det er dei døypte som samlast kring ord og sakrament, er valdeltakinga også representativ for den lokale kyrkjelyden, sjølv om ein kunne ønskje at ho var høgare.

Det er og vår vurdering at det er rett å setje saman fellestrådet som i dag, gjennom val i sokneråda.

Når det kjem forslag om å halde soknerådssamstundes med stortingsval/kommuneval og fylkestingsval er bispedømerådet samd i det av pragmatiske grunnar, men det er nokre problemstillingar som det er naudsynt å nemne.

1. Det vert då naudsynt med stor auke i økonomiske midlar til å avvikle slikt val. I dag er valet til sokneråd gjennomført av frivillige i samband med gudstenester eller andre samlingar i kyrkjelyden.
2. Om valet vert halde samstundes med kommuneval vil det i dei små kommunane i mange høve vere dei same folka "å ta av" til desse vala, noko som vil gjere det vanskelegare å få folk til å stå på soknerådsslista.
3. Det kan ikkje vere riktig å knytte dei kyrkjelege vala til statens valdag når tanken er å fjerne banda mellom kyrkje og stat på andre områder.

Val til Kyrkjemøte og bispedømeråd.

Direkte val.

Når det frå utvalet vert fremja forslag om direkte val til Kyrkjemøte og bispedømeråd, kjem det som svar på eit mandat om ”å styrke den demokratiske legitimitet”. Den kyrkjelege struktur byggjer på ein tradisjon og ei kyrkjeforståing der ikkje enkeltindivid men kyrkjelyden eller soknet er grunneininga. Når då denne grunneininga ikkje lenger har røysterett i val av overordna organ i kyrkja, vil det etter vår meining med tida skape eit uheldig skilje mellom dei ulike nivåa i kyrkja. Vårt syn er difor at indirekte val til Kyrkjemøte og bispedømeråd bør halde fram. Eit samla bispedømeråd vil be om å få oppretthalde indirekte val i prøveperioden, både av den grunn som er nemnd, og av di ei slik prøving treng ei kontrollgruppe utan endringar.

Dersom direkteval vert innført, er to tilhøve framifrå viktige; nominasjonsprosessen og informasjon om kandidatane til alle røysteføre.

1. Nominasjonsprosessen

Det ser ut til at utvalet berre tenkjer seg ein nominasjonskomité for å setje opp vallista etter forslag frå sokneråda i bispedømet. Det er i samansetjinga av komiteen og i komitearbeidet at det demokratiske underskotet no er størst. Det vil difor vere ønskjeleg at nominasjonsprosessen kan gjerast over 2 rundar, slik mange politiske parti gjer det før eit stortingsval. I den første runden kjem sokneråda med forslag på ein lokal kandidat og ein ”toppkandidat”. Nominasjonskomiteen summerer desse forslaga og set opp ei liste over alle forslaga som vert send attende til sokneråda for stemmegiving i runde 2. Etter denne runden set nominasjonskomiteen opp den endelege lista. Nominasjonskomiteen får på denne måte ikkje så stor makt i å setje opp lista, og ikkje minst blir prosessen synleg. Prosessen vil ta noko lengre tid, men runde 1 kan gjerast i det soknerådet som går av, og runde 2 i det nye soknerådet.

2. Informasjon om kandidatane

Til no har det ikkje vore eit stort apparat kring informasjon om kandidatane. I Møre er det 100 sokneråd som skal informerast om valet. Om det vert direkte val, skal alle røysteføre, i Møre ca 180.000, få relevant og god informasjon, som kanskje og må vere meir omfattande enn når sokneråda skulle informerast. Vi kan ikkje rekne med at media bruker særleg mykje merksemd på dette valet, og det vil seie at det må utarbeidast godt informasjonsmaterieil til alle røysteføre.

Talet på leke medlemer.

Når heile landet skal vere representert i ei forsamling, er det no ei trend i mange samanhengar mot å leggje folketalet i dei ulike delane av landet meir til grunn for det talet som skal veljast frå dei ulike regionane. For at ei forsamling skal vere representativ for folket må alle grupper av folket vere representert. Kor store dei ulike gruppene er i seg sjølve treng ikkje vere viktig. Vårt

syn er at det er meir viktig at dei ulike kulturane vi finn rundt om i landet vert synlege i eit samla kyrkjemøte. Det er da viktig at ikkje det sentrale Austlandet blir så "tungt" at dei andre distrikta/bispedøma vert overkøyrde. Vi vil difor gje ei forsiktig åtvaring mot ei særleg differensiering mellom bispedøma når det gjeld medlemmer i Kyrkjemøtet. Vi stiller oss også skeptiske til ei slik tyngdeforskyving mellom geistlege og leke som forslaget vil føre med seg. Møre bispedømeråd meiner ut frå sitt kyrkjesyn at dette er uheldig. Dersom talet på lekfolk vert så høgt som det er gjort framlegg om, bør også talet på geistlege aukast. Men dette vil gje store og meir uhandterlege forsamlingar.

Bruk av preferanseval.

Preferanseval er ei grei løysing ved dei direkte vala. Eit problem vil vere å ha minst 3 ulike valordningar same dagen. Vil alle forstå dei ulike ordningane for sokneråd-, bispedømeråd-, kyrkjemøte- og kommune- og fylkestingsval, eller vil det føre til at mange stemmesetlar må forkastast?

Prøveperiode.

Utvalet vil at direkteval skal prøvast ut i ein periode (til 2011) i kombinasjon med den tidlegare ordninga med indirekte val slik at til dømes eit fleirtal av bispedømerådet vert valt direkte og dei andre indirekte. Men det er ikkje særleg enkelt å sjå for seg korleis valet skal gå for seg med både direkte og indirekte val. Det einaste som utvalet seier er at det skal vere to vallister ved desse vala. Her er det fleire spørsmål enn svar:

- Skal same nominasjonskomiteen setje opp baa listene?
- Skal sokneråda foreslå kandidatar til to lister eller til ein?
- Skal ein person kunne stå på baa listene?
- Skal dei personane som vert "til overs" ved det direkte valet stå igjen på lista til det indirekte valet?
- Skal dei direkte valde ha eigne varamedlemmer?
- Har soknerådsmedlemmer røysterett i det direkte valet?
- Osb.

Om desse og andre spørsmål ikkje kan finne ei god og demokratisk løysing, vil vi etter vår meining ha 2 alternativ:

1. Ei prøving av direkteval i nokre bispedøme og indirekte val i andre bispedøme.
2. Prøving av direkteval berre til Kyrkjemøtet av dei "nye" medlemmene (i Møre 3), mens bispedømerådet berre får 4 leke medlemmer som vert vald som i dag. Denne løysinga blir etter det vi forstår sett fram av Kyrkjerådet i deira fråsegn.

Møre bispedømeråd vil altså som nemnt tidlegare ønskje å halde fram med indirekte val, i det minste inntil noko anna vert fastlagt.

Senka røysterettsalder.

Møre bispedømeråd ønskjer ikkje at 15 åringar skal ha røysterett i kyrkja. Det kan ikkje vere lågare alder for røysterett i kyrkja enn til andre folkevalde organ i Noreg. Er dei sakene som kyrkja sine organ vedtek mindre, alvorlege enn dei som kommunestyret

vedtek? Den religiøse myndighetsalderen gjev rett til å rå over sitt personlege religiøse liv, ikkje til å rå over det religiøse samfunnet. Det vil dessutan vere uheldig med ulik røysterettsalder når vala skal haldast på same dag som dei politiske vala.

Økonomi

Møre bispedøme stiller og spørsmål ved at staten løyver så mykje pengar som vil trengast til denne reforma, som mange meiner er mindre viktig eller endåtil prinsipielt uheldig, når ein stadig må kjempe for å skaffe midlar til det som er kyrkja sine opphavlege og vedtekne målsetjingar.

Med helsing

Jan-Egil Korseberg
stiftsdirektør
Direkte innval: 71 25 06 80